



VESTLANDSFORSKING

VF-notat 1-2004

Berekraftmelding 2004

**Kva retning går utvikling i Sogn og
Fjordane i høve til målet om ei
berekraftig utvikling?**

Forord

I perioden 2001-03 deltok Sogn og Fjordane fylkeskommune i eit utviklingsarbeid i regi av Kommunenes Sentralforbund (KS) som gjekk ut på å utvikle eit styringssystem for realisering av målet om ei berekraftig utvikling. Systemet er presentert på heimesidene til KS: www.ks.no/templates/Page.aspx?id=11646. Fagleg ansvarleg for prosjektet var Vestlandsforskning i samarbeid med Stiftelsen Idébanken.

Som del av utviklingsarbeidet presenterte fylkeskommunen sitt første berekraftrekneskap i samband med årsmeldinga for 2002. Vestlandsforskning er bedne om å hjelpe til med å lage eit nytt rekneskap i samband med årsmeldinga for 2003.

I den grad det er laga nye data er dette oppdatert. I tillegg har vi tatt med tidsseriar for kvar indikator der det finst eldre statistikk.

Av praktiske omsyn har det ikkje vert mogeleg å skaffe fram data for intern drift. Dette vil vere ei viktig oppgåve i neste utgåve av berekraftrekneskapen.

Notatet er delt i tre: Først presenterar vi dei einskilte indikatorane og kva for fylkeskommunale mål desse er kopla til. Så presenterer vi eit samandrag av utrekninga av kvar indikator. Sist konkluderar vi omkring utviklingsretning for fylket ut frå dei ulike indikatorane. Grunlagsmaterialet vert oversendt som eige dokument (excel-ark).

Vestlandsforskning, Sogndal 20.02.04

Carlo Aall

Kyrre Groven

Innhald

Forord	2
Berekraftindikatorar og fylkeskommunale miljøpolitiske mål.....	4
Utrekning av berekraftindikatorane.....	8
Samandrag og konklusjonar	9
Vedlegg: Figur - berekraftrekneskap for 2003	14

Berekraftindikatorar og fylkeskommunale miljøpolitiske mål

Fylkeskommunen har plukka ut 33 berekraftindikatorar. Desse indikatorane er fordelt på seks tema, og er – saman med indikatorar under eit sjuande tema ”kommunal drift” – valde til å gå inn i eit styringssystem for integrering og konkretisering av målet om ein meir berekraftig praksis. Indikatorane er tenkt lagt til grunn for berekraftvurderingar i:

- årsmelding - standardisert oppsett for ”miljørekneskap” (inkl. utviklingsretning) i samband med årsmeldinga
- programarbeidet - standardisert sjekklister i høve programaktivitetar
- rullering av fylkesplanen (standardisert oppsett for "retningsanalyse" - dvs vurdere om oppfølging av fylkesplanen har bidrege i "feil" eller "rett" retning i høve målet om ei berekraftig utvikling).

Som i første utgåve av berekraftrekneskapen for Sogn og Fjordane har vi konsentrert oss om dei seks første tema, medan indikatorar som gjeld fylkeskommunen si interne verksemd ikkje er utgreidd i denne samanhengen. Dei utelatne indikatorane er:

7. Kommunal drift

7.1 Del tilsette i fylkeskommunen som har gjennomført miljøopplæring

7.2 Del folkevalde som har gjennomført miljøopplæring som går ut over KS folkevaldopplæring

7.3 Papirforbruk per tilsett i sentraladministrasjonen

7.4 Energiforbruk i fylkeskommunale bygningar (eventuelt fordelt på ulike avdelingar, per m²).

7.5 Arealforbruk i dei vidaregåande skulane, per elev

7.6 Del skular med dårleg inneklima

Under har vi stilt saman gjeldande fylkeskommunale miljøpolitiske mål og kva for indikatorar som er valt i høve til desse måla.

Tema/kjerneindikator/tilleggsindikatorar	Relevante fylkeskommunale mål	Referanse
1. Livskvalitet		
1.1. Venta levealder for kvinner	Sogn og Fjordane skal halde posisjonen som eit av dei sunnaste fylka å bu i	Fylkesplanen (FP): Tema 1 Eit godt liv, folkehelse
1.2. Levekårsindeks (Statistisk sentralbyrå og Rikstrygdeverket sin indeks for levekårsproblem sett saman av data for sosialhjelp, uføretrygd, arbeidsløyse, overgangsstønad, levealder, attføring, vald og utdanning)	Alle i fylket skal trivast og ha god helse. Vi må ha fokus på generelle levekår, utdanning og arbeidsliv, samferdsle, sosialt og fysisk miljø, kultur, individuell adferd og meistring samt tilhøva i helse- og sosialsektoren.	FP: Tema 1 Eit godt liv (mål og strategiar) FP: Tema 1 Eit godt liv,

	Opne, fargerike og frodige lokalsamfunn som gjer det attraktivt å busette seg i og ta vare på fylket vårt.	nærmiljø
1.3 Skadde og drepne i trafikken per 1000 innbyggjarar	Redusere talet trafikkulukker og betre tryggleiken på vegane. Vi skal ikkje ha alvorlege trafikkulukker med dødsfall og alvorlege skader i Sogn og Fjordane.	FP: Tema 4 Infrastruktur, samferdsle Fylkesdelplan for samferdsle, 6.5.2.
1.4 Lengd gang/sykkelveg per 10 000 innbyggjarar	Å auke tryggleiken for mjuke trafikkantar ved utbygging av gang- og sykkelvegane særleg knytt til skuleveg.	Fylkesdelplan for samferdsle, 6.6.2.
1.5 Lengd turstiar/løyper per 10 000 innbyggjarar	Auka tilgjenge til friluftsliv, både til nærområda, friluftsliv kring tettstadane og dei store samanhengande regionale/nasjonale friluftsområda. Leggja til rette for friluftslivet i kvardagen gjennom ein variert og samanhengande grøntstruktur der det er høve til trygg ferdsel, leik og anna aktivitet.	Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
1.6 Endring i tal driftseiningar i landbruket	Eit aktivt landbruk i heile fylket, som opprettheld sin noverande relative del av matproduksjonen i Norge, tryggjer busetting og held ved like og fornyar kulturlandskapet.	FP: Tema 2 Næring og læring, landbruk
1.7 Endring i tal personar med fiske som hovudyrke	Leggje til rette for ei lønsam utvikling av fiskeri- og havbruksnæringa, med berekraftig ressursforvaltning, marknadsorientert og auka verdiskaping og ein variert struktur innanfor fiskeri- og havbruksnæringa.	FP: Tema 2 Næring og læring, havbruk og fiske
1.8 Folketalutvikling	Hovudproblemet for fylket er utflyttinga.	FP: Innleiinga
1.9 Valdeltaking ved fylkestingsval	Ingen direkte målformuleringar.	
2. Lokal ureining	Det er ingen direkte målformuleringar som kan knytast direkte til "lokal ureining", og det er påpeika at fylket er meir eit ressursfylke enn eit "reparasjonsfylke".	FP: Berekraftig utvikling s. 9. Likevel naturleg å ta med. Sjøast i høve til nasjonal politikk på området.
2.1 Totale utslepp av fosfor frå kommunalt avløp per innbyggjar	Som ovanfor	Som ovanfor
2.2 Totale utslepp av nitrogen frå kommunalt avløp per innbyggjar	Som ovanfor	Som ovanfor
2.3 Del av befolkninga utsett	Som ovanfor	Som ovanfor

for støy		
3. Ressursforvaltning		
3.1 Mengd hushaldsavfall per innbyggjar	Miljømedvite forbruk blant folk flest og miljømedviten drift i institusjonar og verksemder.	FP: Tema 3 – Berekraftig utvikling, forbruk og drift.
3.2 Jordbruksareal i drift per innbyggjar	Eit aktivt landbruk i heile fylket, som opprettheld sin noverande relative del av matproduksjonen i Norge, tryggjer busetting og held ved like og fornyar kulturlandskapet. Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Norge	FP: Tema 2 Næring og læring, landbruk Fylkesdelplan for landbruk
3.3 Del av jordbruksarealet som blir drive økologisk	Styrke økonomien for bygdenæringane. Ddelmål: Utvikle nisjeproduksjonane og økologisk landbruk	Fylkesdelplan for landbruk
3.4 Uttak av elg, hjort og villrein per innbyggjar	Auke næringsmessig utnytting i skog utmark. Delmål: Synleggjere verdien av andre utmarksnæringar	Fylkesdelplan for landbruk
3.5 Skogavvirking i høve produktivt skogareal	Auke næringsmessig utnytting i skog utmark. Delmål: Utvikle skogbruks-næringa i påvente av dei store tømmermengdene.	Fylkesdelplan for landbruk
3.6 Prosent skogbruksareal omfatta av godkjend skogbruks-/driftsplan	Auke næringsmessig utnytting i skog utmark	Fylkesdelplan for landbruk
3.7 Endring i fangst av laks og sjøaure frå elvefiske	(mål ikkje utvikla)	
4. Biologisk mangfald		
4.1 Innvilga søknader om dispensasjon for tiltak i LNF-område	Unngå inngrep i og omdisponering av: Naturtypar som er sjeldne, spesielt sårbare eller truga; Område med viktig biologisk funksjon; Spesielt artsrike område; Leveområde for raudlista artar (truga, sårbare og sjeldne); Store, samanhengande område som er tilnærma urørte av tekniske inngrep; Vassførekomstar og kystområde av særskilt verdi for bevaring av biologisk mangfald skal sikrast mot skadelege utslepp og påverknad.	Fylkesdelplan for areal , 3.1.3 biologisk mangfald, retningslinjer
4.2 Tap av urørt natur	Unngå inngrep i og omdisponering av: Store, samanhengande område som er tilnærma urørte av tekniske inngrep. I friluftsområde som i dag er prega av få eller ingen menneskelege inngrep, bør ein unngå inngrep.	Fylkesdelplan for areal , 3.1.3 biologisk mangfald, retningslinjer Fylkesdelplan for areal 3.1.2 Friluftsliv og viktige naturområde; retningslinjer; Generelt
4.3 Jordbruksareal	Ivareta kulturlandskapet som	FP: Tema 2 Næring og læring,

omdisponert til andre formål	ein viktig del av landbruket og reiselivet.	landbruk
4.4 Nybygde skogsvegar for motorkøyretøy i høve til produktivt skogareal	Behovet for nye vegar og vegtettleiken må avpassast etter skogen si produksjons- og bereevne. På areal med grunnlag for intensivt skogbruk, inneber dette eit relativt tett vegnett (vegtettleik 12-20 m/ha), og på areal med svakare grunnlag for eit aktivt skogbruk ein lågare vegtettleik (5-10 m/ha).	Fylkesdelplan for areal 3.2.1. Landdelen, LNF-området, mål, skogbruk
5. Energi og klima		
5.1 Utslepp av klimagassar per innbyggjar utanom kraftkrevjande industri	Sogn og Fjordane vil ta sin del av ansvaret for å gjennomføra internasjonale / nasjonale mål for reduksjon av energiforbruk og utslepp av klimagassar.	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, klima og energi (eigen fylkesdelplan for klima og energi under arbeid)
5.2 Utslepp av klimagassar frå prosessindustrien per innbyggjar	Som ovanfor	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, klima og energi
5.3 Registrerte personbilar per innbyggjar	Å utvikle funksjonelle og attraktive bu- og arbeidsmarknadsområde gjennom ein godt utbygd infrastruktur og gode kommunikasjonar.	Fylkesdelplan for samferdsle, 6.2.
5.4 Del personreiser med buss	Å vidareutvikle eit marknadstilpassa, effektivt og miljøvennleg kollektivtilbod, basert på god og sikker infrastruktur.	Fylkesdelplan for samferdsle, 6.5.1
5.5 Innanlandsreiser med fly per innbyggjar	Mål om samordna areal- og transportplanlegging. Sogn og Fjordane skal ha eit godt og framtidretta flytilbod ved dei 4 flyplassane våre	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, klima og energi Fylkesdelplan for samferdsle 6.6.3
5.6 Nettoforbruk av elektrisk kraft per innbyggjar utanom kraftkrevjande industri	Det samla forbruket av energi må reduserast med sikte på å dempe behovet for nye utbyggingstiltak.	Fylkesdelplan for areal, 3.2.6. Energi, mål
6. Berekraftig produksjon og forbruk		
6.1 Tal miljøsertifiserte verksemdar	Innføring av miljøkrav og miljøstyring i verksemdar og institusjonar. Auke satsinga på økologisk landbruk	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, forbruk og drift FP: Tema 2 Næring og læring, landbruk
6.2 Skilnad mellom regional og global personinntekt	Eit berekraftig Sogn og Fjordane som sikrar levestandarden for kommande generasjonar.	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, klima og energi
6.3 Bruksareal for nye bustader	Sogn og Fjordane vil ta sin del av ansvaret for å gjennomføra internasjonale/nasjonale mål for reduksjon av energiforbruk og utslepp av klimagassar.	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, klima og energi
6.4 Forbruk per innbyggjar av dei mest miljøbelastande varer og tenester	Miljømedvite forbruk blant folk flest.	FP: Tema 3 Berekraftig utvikling – Regional Agenda 21, forbruk og drift

Utrekning av berekraftindikatorane

Under er vist samandrag av utrekningane. Grunnlagsmaterialet vert dokumentert i ei eiga excel-fil. I tabellen har vi indeksert fylkestala i høve til nasjonalt snitt og vist prosentvise endringar i høve til indeks i førre berekraftrekneskap. Kjerneindikatorane for kvart berekrafttema er vist med utheva skrift.

Indikatortema/indikator	Indeks (100= nasjonalt snitt)	Endring 2002 til 2003
<i>Berekrafttema 1: Livskvalitet</i>		
1.1 Venta levealder kvinner	102	0 %
1.2 Levekårsindeks	153	0 %
1.3 Skadde og drepne i trafikken per 1000 innbyggjarar	113	3 %
1.4 Lengd gang/sykkelvegar per 10 000 innbyggjarar	64	65 %
1.5 Lengd turstiar/løyper per 10 000 innbyggjarar	135	-4 %
1.6 Endring i tal driftseiningar i landbruket	94	-3 %
1.7 Endring i tal personar med fiske som hovudyrke	36	-80 %
1.8 Folketalsutvikling	1	-91 %
1.9 Valdeltaking ved fylkestingsval	114	10 %
<i>Berekrafttema 2: Lokal ureining</i>		
2.1 Utslepp av fosfor frå kommunalt avløp/innbyggjar	57	3 %
2.2 Utslepp av nitrogen frå kommunalt avløp/innbyggjar	92	6 %
2.3 Del av befolkninga utsett for støy	177	0 %
<i>Berekrafttema 3: Naturressursforvaltning</i>		
3.1 Mengd hushaldsavfall per innbyggjar	126	9 %
3.2 Jordbruksareal i drift per innbyggjar	193	-1 %
3.3 Del av jordbruksarealet som blir drive økologisk	127	-1 %
3.4 Uttak av elg, hjort og villrein per innbyggjar	322	-1 %
3.5 Skogavvirking i høve produktivt skogareal	26	12 %
3.6 Skogbruksareal omfatta av skogbruks-/driftsplan	32	0 %
3.7 Endring i fangst av laks og sjøaure frå elvefiske	200	131 %
<i>Berekrafttema 4: Biologisk mangfald</i>		
4.1 Dispensasjon for tiltak i LNF-område	90	73 %
4.2 Tap av urørt natur	94	0 %
4.3 Jordbruksareal omdisponert til andre formål	250	232 %
4.4 Nybygde skogsvegar i høve til produktivt skogareal	115	154 %
<i>Berekrafttema 5: Energi og klima</i>		
5.1 Utslepp av klimagassar per innbyggjar¹	111	15 %
5.2 Utslepp av klimagassar frå prosessindustri/innbyggjar	39	54 %
5.3 Registrerte personbilar per innbyggjar	105	0 %
5.4 Del personreiser med buss	186	0 %
5.5 Innlandsreiser med fly per innbyggjar (personkm)	244	0 %
5.6 Nettoforbruk av elektrisk kraft per innbyggjar ²	113	-2 %
<i>Berekrafttema 6: Berekraftig forbruk og produksjon</i>		
6.1 Tal miljøsertifiserte verksemder	215	-18 %
6.2 Skilnad mellom regional og global personinntekt	112	0 %
6.3 Bruksareal for nye bustader	76	-13 %
6.4 Forbruk av miljøbelastande varer og tenester/innbyggjar	116	3 %

¹ Utanom kraftkrevjande industri

² Utanom kraftkrevjande industri

Samandrag og konklusjonar

Fylkesplanen har som eit overordna mål at vi skal styre mot ei berekraftig utvikling. Berekraftrekneskapen som vert presentert her er meint å gi informasjon om Sogn og Fjordane utviklar seg i rett lei i høve til berekraftmålet. Dette er ei oppfølging av berekraftrekneskapen som vart presentert for første gong i årsrapporten til Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2002, som den første i sitt slag. Vi byggjer på ein metode utvikla for Kommunenes Sentralforbund av Vestlandsforskning i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune og seks andre kommunar. Berekraftrekneskapen skil seg frå Miljøstatus (utarbeidd av fylkesmannen, jf www.miljostatus.no) ved at vi har med emna livskvalitet, energi og forbruk.

Indikatorane er valde ut etter ein detaljert gjennomgang av målsetjingar i fylkesplan og fylkesdelplanar, og har vore drøfta med fylkesutvalet og hovudutval for regional utvikling. Det er berre gjort mindre endringar i indikatorsettet frå første utgåve av berekraftrekneskap for Sogn og Fjordane. Dei viktigaste miljøpolitiske måla som er vedtekne etter den gong, er knytt til fylkesdelplan for klima og energi. Målformuleringane her var likevel innarbeidd i den første utgåva, og planvedtaket har såleis ikkje gjort det naudsynt å innføre nye indikatorar.

Den viktigaste endringa i denne utgåva av berekraftrekneskapen er at vi no ser på utviklingstrendar. Dermed kan vi få eit inntrykk av om Sogn og Fjordane nærmar seg berekraftmålet eller ikkje, og få klarlagt kor det er særleg viktig å sette inn innsatsen for å snu ei uheldig utvikling.

Livskvalitet

Det sosiale aspektet er viktig innanfor målet om ei berekraftig utvikling. Nøkkelord som helse og tryggleik, trivsel, levande bygder og medverknad er sentrale i det vi meiner med eit godt liv og ei berekraftig utvikling i Sogn og Fjordane. Vi lever lenger og skårar langt betre enn landsgjennomsnittet når det gjeld levekår. Spørsmålet er kva veg utviklinga går. Folketalsutviklinga og nedgangen i tal brukseiningar i landbruket er dei største utfordringane.

Folketalsutviklinga i Sogn og Fjordane dei siste tretti åra har vore prega av gradvis redusert vekst. Tiåret frå 1973 til 1983 var folkeauken på 4%, og det vil seie at fylket på denne tida heldt nokolunde tritt med utviklinga i resten av landet. Seinare har folkeauken halde fram i Norge - og tatt seg kraftig opp siste tiåret - medan han har stagnert i Sogn og Fjordane (0,1% auke frå 1993 til 2003).

Etter to år med markert nedgang i talet skadde og drepne i trafikken i Sogn og Fjordane, opplevde vi i 2003 ein ny auke på 5%. Talet trafikkskadde og -drepne var i 2003 likevel 17% lågare enn i 2000, og i høve til folketalet var det 11% færre som omkom eller vart skadde i trafikken i Sogn og Fjordane i høve til heile landet.

Folket i Sogn og Fjordane har eit større nett turstiar og løyper til rådvelde enn gjennomsnittsnordmannen, medan fylket har dårligare gang- og sykkelvegdekning i høve til folketalet. For begge indikatorane har det skjedd ein vesentlig auke i

Sogn og Fjordane dei siste åra, og utviklinga her er såleis betre enn landsgjennomsnittet.

Lokal ureining

Vi har større utslepp av næringsstoffa fosfor og nitrogen frå avløpssektoren enn landsgjennomsnittet, sjølv om dette ikkje representerer like store problem i vårt fylke som på kyststrekningen frå svenskegrensa til Lindesnes. Den prosentvise reduksjonen i nitrogenutslepp er større i Sogn og Fjordane enn i landet under eitt, så på dette punktet nærmar vi oss resten av landet. Slik er det ikkje med fosfor, der utsleppa i Sogn og Fjordane ligg 88% over landsgjennomsnittet, og der reduksjonane er relativt mindre enn elles i landet.

Med mykje spreidd busetnad og ingen storbyar vert berre halvparten så mange personar utsette for støy i vårt fylke samanlikna med landet under eitt. På dette punktet har vi ikkje fått tilgang til nye data.

Ressursforvaltning

Statistikken viser at det i 1995 vart kasta noko meir hushaldsavfall per innbyggjar i Sogn og Fjordane enn i Norge. Etter den tid har situasjonen endra seg lite her i fylket medan avfallsmengda per nordmann har auka med ein tredel fram til 2002. Det inneber at kvar innbyggjarar i Sogn og Fjordane no er opphav til 20 prosent mindre hushaldsavfall enn gjennomsnittsnordmannen. Dette kan vere eit utslag av at innbyggjarane i vårt fylke ikkje har tatt del i den norske forbruksveksten i same grad som andre.

Sogn og Fjordane har meir jordbruksareal i drift i dag enn i 1995. Medan det var ein netto auke i driftsarealet frå 1995 fram til 2001, har det vore ein viss tilbakegang dei siste to åra (2,5%). Samanlikna med heile landet har fylket nesten dobbelt så mykje jordbruksareal i drift per innbyggjar.

Andelen økologisk landbruksareal har stige jamnt i Sogn og Fjordane i ei årrekke, men i 2003 kulminerte denne utviklinga. Frå ein auke på nesten 10 prosent frå 2001 til 2002, opplevde vi i 2003 ein reduksjon på 6 prosent i høve til året før. Med 3,8 prosent av landbruksarealet omlagt til økologisk drift, står vi no lenger frå det offisielle 10-prosentmålet enn vi gjorde i 2002. For heile landet var det ikkje ein tilsvarende nedgang, men tvert om ein sterk auke i andel økologisk jordbruksareal på 23 prosent. Det gjer at fylket kan vere i ferd med å misse "øko-forspranget".

Avvirkinga i høve til produktivt skogareal er langt mindre (26%) i fylket enn i heile landet, men den negative utviklinga i skogsavvirking er noko mindre her enn på landsplan.

Etter historisk låge fangstar av laks og sjøaure i elvefisket i Sogn og Fjordane i åra 1996-99, tok fangstane seg kraftig opp i 2000. Etter den tid har fangsttala halde seg høge, med unntak av 2002. Når fangsten gjer eit hopp på 26% frå 2002 til 2003 er det difor ei utvikling nesten opp på nivået frå starten på tiåret.

Biologisk mangfald

Andelen søknader om inngrep i LNF-område i Sogn og Fjordane som vart innvilga ved dispensasjon vart halvert frå 2001 til 2002. Dermed nærmar fylket seg nivået i resten av landet, dvs. at det blir gitt dispensasjon ved kvar femte søknad. Her kan det sjå ut til at fylket er i ferd med å rette opp eit av dei svakaste resultatane frå førre berekraftrekneskap.

Også når det gjeld omdisponering av jordbruksland til andre formål (utbygging, skogplanting mm), viser den nyaste statistikken ei gledelig utvikling, med 60 prosent nedgang i slik omdisponering frå 2000 til 2001. Det er likevel for tidleg å seie om dette er eit meir varig brot med den langsiktige utviklinga som har gått i retning av stadig større årlig nedbygging av jordbruksland. Sogn og Fjordane omdisponerer relativt mindre jordbruksland enn landet under eitt, og det ser ut til at 2000 var eit unntaksår i så måte.

Bygging av skogsbilvegar i høve til produktivt skogsareal har blitt halvert frå 2000 til 2002, og Sogn og Fjordane ligg no 13 prosent under landssnittet på denne indikatoren.

Med atterhald om at det ikkje foreligg oppdaterte tal for indikatoren "tap av urørt natur", viser den nye berekraftrekneskapen langt betre resultat for biologisk mangfald-parametrane enn sist. Ut frå dette materialet er det ikkje lenger grunnlag for å utpeike Sogn og Fjordane som eit fylke med vesentlig dårligare resultat for biologisk mangfald enn resten av landet.

Klima og energi

Det er stor auke nasjonalt i bruken av innanlands fly, men i Sogn og Fjordane har auken vore mindre enn landsgjennomsnittet. Bruken av innanlands fly per person er om lag 1/3 mindre i dette fylket samanlikna med landet.

Klimagassutsleppa utanom den kraftkrevjande industrien hadde ein nedgang på 3 % frå 1998 til 2000 i Sogn og Fjordane, medan landet under eitt hadde ein tilsvarande auke i dei same utsleppa. Utsleppa per innbyggjar i Sogn og Fjordane ligg 10 prosent under landsgjennomsnittet når vi held den kraftkrevjande industrien utanom.

Klimagassutsleppa frå prosessindustrien har blitt redusert med meir enn ein fjerdedel frå 1998 til 2002. Dette heng først og fremst saman med lågare utslepp av fluorhaldige drivhusgassar frå aluminiumsomnane i samband med såkalla bluss. Installering av punktmatarar på Søderbergomnane i Årdal og Høyanger, i tillegg til målmedvete arbeid for å redusere blusslengd og blussfrekvens har gitt gode resultat. Halde saman med reduserte utslepp frå resten av fylket, syner dette at Sogn og Fjordane dei seinare åra har redusert belastninga av klimasystemet. Vi har likevel ingen garanti for at denne utviklinga vil vare: Auken i tal personbilar per innbyggjar er større i Sogn og Fjordane enn i landet, og det tydar på at fylket etter kvart nærmar seg landsgjennomsnittet i biltettleik (5% under snittet i 2002).

Berekraftig produksjon og forbruk

Eit stadig aukande forbruk av varer og tenester er mykje av drivkrafta bak mange av våre mest alvorlege miljøproblem. Slår vi saman forbruket til mat, kle, sko,

bustad, energi, møblar, hushaldsartiklar, transport, kultur og fritid og restaurantbesøk kjem spreiddbygde strøk på Vestlandet ut med 14 % lågare forbruk enn landsgjennomsnittet. Forbruket har auka med 12% på tre år, noko mindre enn i resten av landet. Ser vi på arealet av nye bustader kjem fylket likevel dårlegare ut.

Sogn og Fjordane har dobbelt så mange miljøsertifiserte verksemder i høve til folketalet som landet under eitt. Dette kjem av at vi har relativt fleire økologisk drivne gardsbruk med Debiogodkjenning enn resten av landet. Nedgang i tal økobruk gjer at skilnaden på dette punktet ikkje er like stor som i førre berekraftsrekneskap. Om vi held Debiogodkjente bruk utom reknestykket ser vi at fylket i 2003 hadde berre 20 miljøsertifiserte verksemder – ein auke på 4 verksemder frå 2002. Dette understrekar at miljøsertifisering, om vi ser bort frå Debio og Miljøfyrtårn, for ein stor del er utvikla med tanke på større verksemder som det finst relativt få av i fylket vårt.

I Sogn og Fjordane blir det bygd relativt fleire einebustader enn i landet elles. Det forklarar at bruksarealet i nye bustader her er større enn landsgjennomsnittet. Medan gjennomsnittets bruksareal for nye bustader gjekk ned med 4 prosent på landsbasis frå 2002 til 2003, var det ein sterk auke i Sogn og Fjordane. Her steig bruksarealet i nye bustader med 16 prosent, frå 146 til 169 m².

Oppsummering

Tabellen under viser ei oppsummering av status innanfor dei seks berekraftstema, i tillegg til at vi indikerer utviklingstrenden. Ei samfatning av denne typen må nødvendigvis bety ei forenkling av røynda, og tabellen må ikkje lesast ukritisk, utan at ein vurderer resultatene i høve til underlagsmaterialet.

Vi ser at Sogn og Fjordane opplever negative trendar innafor livskvalitet. Sjølv om fylket stadig utmerkar seg med gode levekår, er det utviklingstrekk som går i motsett lei. Folketalsutviklinga er særleg viktig i den samanhengen. Fråflytting og økonomisk stagnasjon gir seg utslag som i denne modellen kan bli tolka positivt i berekraftssamheng. Det gjeld trulig indikatorar som mengd hushaldsavfall og utslepp av klimagassar utanom kraftkrevjande industri – og heilt opplagt for forbruk per innbyggjar. Dette forholdet må ein leve med: Lågare forbruk betyr i mange samanhengar mindre påkjenning på miljøet. Den positive trenden for *lokal ureining og energi og klima* kan derfor til ein viss grad ha samheng med ei negativ samfunnsutvikling. Det biletet er likevel ikkje eintydig: Dei reduserte klimagassutsleppa frå den kraftkrevjande industrien er resultat av vellykka miljøtiltak i verksemdene.

Berekrafttema	Situasjon i høve til landsgjennomsnittet	Trend
Livskvalitet	+	-
Lokal ureining	0	+
Ressursforvaltning	+	0
Biologisk mangfald	0	+
Energi og klima	+	+
Berekraftig produksjon og forbruk	+	0
Samla konklusjon	+	+

Den kanskje mest påfallande endringa i høve til berekraftsrekneskapen som vart lagt fram i 2003, er at Sogn og Fjordane no kjem betre ut på temaet *biologisk mangfald*. Her kjenner vi rett nok ikkje utviklinga i tap av urørt natur, men på dei tre andre indikatorane er det snakk om klare forbetringar sett i eit berekraftsperspektiv.

Positiv utvikling for tre av seks berekraftstema og tilbakegang på berre eitt tema, gjer at den samla konklusjonen blir at fylket har gått i positiv lei sidan siste berekraftrekneskap vart sett opp. Ingen av dei seks tematiske oppsummeringane tydar på at Sogn og Fjordane i sum kjem dårlegare ut enn landet under eitt. Dette er oppløftande resultat, men samstundes resultat som det ikkje er grunn til å slå seg til ro med: I den store samanhangen må det understrekast at vi her i fylket – tilliks med resten av Noreg – er langt frå målet om ei berekraftig utvikling.

Vedlegg: Figur - berekraftrekneskap for 2003

Berekraftindikatorer for Sogn og Fjordane

(100 = landsgjennomsnitt)



